**Referat Styremøte – 15. Mai 2023**

Dato: 15.05.23
Tid: 19:00 – 20:50
Sted: Teams

Deltok: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Bård Andreassen, Randulf Tverfjell, Reidar Strand, Svein Dalen, Ole Mathias Risvik, Allan Nogva, Beatrice Bjørkedal
Fråfall: Astrid Nerhus Dale, Christina Bjerknes
Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

**Sak 43/05.23 Godkjenne innkalling**
**Vedtak:**
Innkalling godkjent.

**Sak 44/05.23 Godkjenning av referat fra styremøte 05.05.23**
Referat fra styremøte 05.05.23 legges frem til godkjenning av styret
**Vedtak:**
Referatet godkjent.

**Sak 45/05.23 Intensjonsavtale med KNJFF om jaktterrenget på Frei**

Den 5-årige avtalen om jaktterrenget på Frei med Kristiansund kommune går ut etter inneverande jaktår. Grunna stort ytre press frå private aktørar er det ønskeleg å allereie no forhandle fram ei intensjonsavtale med Kristiansund kommune. Før ei slik intensjonsavtale vert lagt fram for Kristiansund kommune må det klargjerast korleis arbeidsforholdet mellom Regionlaget og Kristiansund og Nordmøre JFF skal utførast vidare.

Partane hadde eit samarbeidsmøte 5.5.23 der ein diskuterte samarbeidet så langt og ønskene for ein vidare avtale med kommunen.
KNJFF uttrykte følgande under møtet: Dei ønsker å stå som hovudleietakar og ha alt administrativt og økonomisk ansvar. Jakta skal ligge ute på ein kalender slik at alle ser når det er ledig og opptatt. Samarbeidet skal fungere på same måte der jakt på Kvalvågen vert avtalt saman med Regionlaget og Or vert formidla via Inatur.

**Oppsummering:**
Uavhengig av kven som står som hovudleigetakar eller har administrativt ansvar så må Regionlaget ha same tilgang til bruk av terrenget på Frei som KNJFF.
Regionlaget må vurdere kva fordelar og ulemper eit ansvarsbytte vil medføre og om det vil samsvare med våre interesser, kor vidt det er noko som vil fungere for oss eller ikkje. Ein intensjonsavtale med kommunen vil bidra til å sikre oss vidare avtale komande år framfor eventuelle andre private aktørar.

Regionleiar trekk fram desse punkta:
Fordelar:

NJFF Møre og Romsdal, Skaret 10, 6422 Molde NJFF Møre og Romsdal
Mob: 909 59 015
E-post: m.romsdal@njff.no
Organisasjonsnummer: 986 454 780

- Mindre administrativ belastning på regionslaget
- Regionslaget har framleis same bruks- og jaktrettigheiter

Ulemper:

- Mistar «eigarskap» til terrenget ved søknadar om midlar
- Mistar funksjonen som kontrollorgan ved jaktutøvelse

Etter ein lang diskusjon kom styret fram til at det viktigaste for regionslaget er å behalde tilgang til terrenget for å kunne tilby våre kurs og aktivitetar for alle NJFF-medlemmer, og at det må være ei lik fordeling av tilgang av tidspunkt for begge partar.

Med dette utganspunktet vart styret einige i ein strategi i forhandlingane med KNJFF, formulert som eit vedtak i kulepunkt. Regionsleiar oversende dette til KNJFF.
Saka kjem att til regionsstyret for endeleg godkjenning.

**Vedtak:**
Styret legger fram følgande forslag til KNJFF:
Unntatt offentligheten

**Eventuelt:**
Ingen saker behandla.

**Munnlege orienteringer utsatt til neste ordinære styremøte:**

**A. Prosessvarselet fra RS/Negotia til NJFF v/Regionsekretær**
**B. RS-samling og RLK i Asker v/Regionsekretær**
**C. Droneprosjektet**
**D. Økonomi**

Møte slutt kl 20:50
Bård Andreassen
Referent